

Årsrapport

2012



Barneombudet sin årlege
rapport til
Barne-, likestillings- og
inkluderingsdepartementet

BARNEOMBUDET

Innhald

1. Innleiing	4
2. Mål og resultatoppnåing	4
a. Førespurnader og utsegner på brev og e-post.....	4
b. Tal på sakar/førespurnader om elevar sitt psykososiale skolemiljø	4
c. Telefonførespurnader	4
d. Klar melding inn.....	4
e. Medieoppslag	5
f. Uromeldingar til barnevernet	6
g. Bruk av innsynsretten.....	6
h. Høyringsvar frå Barneombodet	6
i. Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar	7
j. Fråsegner til offentlege styresmakter	7
k. Tal på påbegynte og gjennomførte prosjekt.....	9
l. Innspel til offentlege utval.....	9
m. Førebuing til 2013	9
3. Faglege mål 2012.....	10
a. Arbeide for å verkeleggjere rettane i barnekonvensjonen i Noreg	10
Merknader frå FNs barnekomité.....	10
Lovendringar for å sikre barn sine rettar.....	10
b. Arbeide for at dei generelle prinsippa i barnekonvensjonen blir sikra i Noreg (ikkje-diskriminering, til det beste for barnet og respekt for barnet sine synspunkt)	11
Ikkje-diskriminering.....	11
Respekt for barnet sine synspunkt.....	11
c. Arbeide for at barn sine sivile rettar blir sikra i Noreg	12
Vern om privatlivet.....	12
d. Arbeide for å sikre barn sine retter i familien og under alternativ omsorg	12
Barn sine rettar i familien.....	12
Barn under alternativ omsorg	14
e. Arbeide for betre helse for barn og unge.....	14
f. Arbeide for betre tilgang til utdanning, fritid og kulturelle aktivitetar	16
Betre fritidstilbod for barn	16
g. Arbeide for at barn får spesielle forsvarstiltak.....	17
Utlendingsfeltet.....	17

Barn i konflikt med lova.....	18
Menneskehandel.....	18
h. Arbeide for å vidareutvikle og styrke det internasjonale engasjementet hos Barneombodet.	19
i. Arbeide for at elevane får sikra retten til et godt psykososialt skolemiljø	19
Fellestrekk ved saker som gjeld spørsmål om elevane sitt psykososiale skolemiljø.....	19
Oppsummering som viser korleis sakene som gjeld elevane sitt miljø blir følgde opp av Barneombodet	21
Skuleskyss.....	21
4. Rapportering rekneskap, personalforvaltning med meir	22
a. Rekneskap 2012.....	22
b. Anna rapportering	22
Sosiale krav i samband med offentlege innkjøp.....	22
Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv	22
Auke i talet på lærlingar i staten	23
Vidarebruk av offentlege data.....	23
Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar	23

1. Innleiing

Det går fram av lova om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barn sine rettar. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne,- likestillings- og inkluderingsdepartementet om verksemda i det føregåande året.

Rapporten i år ber preg av skifte av ombod, då Reidar Hjermann gjekk av og Anne Lindboe tok til som nytt ombod i juni 2012. I tillegg flytta kontoret i slutten av desember 2011. Flytteprosessen var svært vellukka, og dei nye lokala fungerer veldig bra.

2. Mål og resultatoppnåing

a. Førespurnader og utsegner på brev og e-post

På brev og e-post fekk vi i 2012 inn 4077 førespurnader, mens vi sende ut 2413 brev og e-postar. I alt har vi tatt i mot og ekspedert 6490 brev og e-postar.

Dokument	2008	2009	2010	2011	2012
Inngåande dokument	3245	3403	3258	3560	4077
Utgåande dokument	2065	2005	2155	2142	2413
Total mengde dokument	5310	5408	5413	5702	6490

b. Tal på saker/førespurnader om elevar sitt psykososiale skolemiljø

Av 492 skule- og barnehagerelaterte saker er det registrert 139 nye saker om elevar sitt psykososiale skolemiljø i 2012.

c. Telefonførespurnader

I 2012 vart 6350 telefonar registrert. Nokre av telefonane førte til skriftlig oppfølging av rådgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. Vi har oppretthalde telefonbeskjeden på sentralbordet som oppfordrar vaksne privatpersonar om å vende seg skriftleg til Barneombodet, anten per brev eller e-post.

d. Klar melding inn

Totalt tal på klare meldingar som kom inn og vart svara på av oss i 2012 var 630. Talet på meldingar som kom inn har auka frå 2011 til 2012. Dette skuldast betre rutinar for å svare på

meldingane slik at barna får svar raskare. Raskare svar frå oss gir barn og unge ei betre kjensle av kommunikasjon og fører til fleire spørsmål.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Område	2011	2012
Familie	46	60
Barn og unges rettar	23	35
Foreldre som ikkje bur saman	29	35
Kva bestemmer foreldre	32	30
Skole	63	160
Mobbing	20	40
Fritidsaktivitetar	3	15
Pengar og jobb	22	30
Venner	8	40
Helse	9	15
Psykisk helse	14	30
Rus, dop, røyking og alkohol	10	10
Vald og overgrep	9	25
Bilete, internett og media	1	15
Medbestemming og påverknad	1	10
Barnevern	23	55
Andre meldingar	37	25

Barneombodet har ei eige facebookside for kontakt med barn. Vi har registrert 8 «klar-melding-svar» vi har gitt på direkte melding på facebookside sidan vi starta å registrere det i juni.

e. Medieoppslag

I 2012 var Barneombodet omtalt i totalt 2046 saker i media. Desse sakene er hovudsakleg presentert i papirformat og på nett. Saker som har vore presentert i radio og TV kjem i stor grad i tillegg. Barneombodet brukar Retriever som verktøy for medieovervaking. Den største månaden for medieoppslag var i juni, då Anne Lindboe blei utnemnd til barneombod. I september hadde vi ein ny topp, då vi gjekk ut med uromeldinga om mobbing. Vi har flest presseoppslag i Nordland, Hordaland og Troms.

Medieoppslag		
Årstal	2011	2012
Tal på oppslag	1961	2046

Kommunikasjonsgruppa hos Barneombodet utarbeidde ein kommunikasjonsstrategi for overgangen til nytt barneombod, noko som blei svært nyttig for oss i prosessen. Ein god plan gjorde det enklare for oss å ha kontroll på mediestormen.

I 2012 la vi en ambisiøs plan for å nå Språkrådet sitt krav om 25% nynorsk i kommunikasjon til ålmenta ut frå kontoret. Tre av medarbeidarane har vore på nynorsk kurs i løpet av året, og vi auka norskprosenten frå 11,3 til 28,7 % for tekstar på nett og papir totalt. Men vi har framleis ein jobb å gjere når det gjeld nettsider og sosiale media.

f. Uromeldingar til barnevernet

Vi sende 11 uromeldingar til barnevernet i 2012, ein mindre enn i 2011. Barneombodet får som offentleg meldar tilbakemelding om korleis innmelde saker blir fylgde opp.

Uromeldingar til barnevernet		
Årstal	2011	2012
Tal på uromeldingar	12	11

g. Bruk av innsynsretten

Barneombodet sende inn krav om innsyn i sju saker i 2012. Krav om innsyn blir vurdert etter Barneombodet sine rutinar.

Krav om innsyn		
Årstal	2011	2012
Tal på innsynskrav	5	7

h. Høyringsvar frå Barneombodet

Barneombodet leverte 36 høyringsvar i 2012. Av de viktigaste kan desse nemnast:

- NOU 2011:9 Økt selvbestemmelse og rettssikkerhet i psykisk helsevern
- NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning
- Forslag om endringer i finansieringsansvaret og i den faglige samhandlingen mellom stat og kommune, forslag om styrking av barns rettigheter mv
- NOU 2012:1 Til barnas beste - Ny lovgivning for barnehagene
- Forslag til lovendringer for å gi barn bedre beskyttelse mot vold og overgrep
- NOU 2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling
- Høring om valgfag og tid til elevrådsrelatert arbeid
- Høring om økt bruk av konfliktråd
- Høring om bekymringsmeldinger i tannhelsetjenesten
- Høring om forslag til endring i utlendingsforskriften - 15-månedersregelen for saksbehandlingen i UNE

- Høring - forslag til endringer i opplæringslov og privatskolelov - spesialundervisning og psykososialt miljø

i. Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjoner

Barneombodet har halde 96 foredrag i 2012.

Ein stor del av Barneombodet sitt informasjonsarbeid har vore opplæring i barn sine rettar for ulike faggrupper. Anne Lindboe hadde som mål å besøke fleire delar av landet den første tida etter at ho vart barneombod. Ho har også hatt ønske om å halde fleire foredrag i samband med satsingsområdet hos Barneombodet i 2012, fleire foredrag for avgjerdstakarar og fleire møter med barn.

I samband med overgangen til nytt barneombod publiserte vi ein stor rapport kalla «**Status for barn sine rettar.**» Publikasjonen var ei framstilling av ulike område for barn sine rettar, der tidligare barneombod Reidar Hjermann ynskte å synleggjere ulike utfordringar, og gje anbefalingar om tiltak som kan sikre barn sine rettar. Rapporten blei svært godt motteken, etterspurnaden har vore stor og rapporten er no berre tilgjengeleg på nett.

Rapporten blei lansert på Reidar Hjermann sin avskjedskonferanse som blei halden for studentar ved Høgskolen i Oslo og Akershus.

I mars 2012 publiserte vi rapporten i prosjektet «**Barnets stemme stilner i stormen - en bedre prosess for barn som opplever samlivsbrudd**». Rapporten inneheld ei rekkje anbefalingar om korleis ein kan sikre at barna sine stemmer kjem betre fram i samlivsbrøtprosessar.

I november 2011 danna vi ei ekspertgruppe med overlevande frå Utøya. Arbeidet deira resulterte i rapporten «**Katastrofeekspertane**» som blei lansert haust 2012. Ungdommane har delt dei personlege erfaringane sine om å bli tatt vare på blant anna av skolen og hjelpeapparatet. Dei har også delt erfaringane sine med oppfølginga frå bistandsadvokatar og møtet med pressa.

Rapporten «**Bekymringsmelding om krenkelser i skolen – Brudd på elevenes rett til et godt skolemiljø**» blei lansert i mai 2012. Rapporten tar for seg utfordringar som Barneombodet ser på skulane, hjå kommunane og hjå fylkesmennene for å sikre barn retten til eit godt skulemiljø fritt for krenkingar. Rapporten er ein oppsummering av arbeidet det første halve året med midlar frå Kunnskapsdepartementet om psykososialt skulemiljø.

j. Fråsegner til offentlege styresmakter

Barneombodet systematiserer utsendinga av brev frå Barneombodet til offentlege styresmakter. I disse breva gir vi uttrykk for våre synspunkt og bekymringar for ivaretakinga av barn innanfor ulike sektorar av samfunnet. Slik sett er dei «fråsegner frå Barneombodet». Alle breva er publisert på nettsidene våre.

Nummer	Tittel	mottakar	Dato sendt
1.	Barn med ME og foreldres rett til pleiepenger	Arbeids-, og velferdsdir.	4.1.12
2.	Signering og ratifisering av tilleggsprotokollen til barnekonvensjonen	Statsminister Jens Stoltenberg	6.2.12
3.	Å høre yngre barn i helsespørsmål	HOD	13.2.12
4.	Barnets beste og tilknytning til riket	JD	12.3.12
5.	Vurdering av «Hunger Games»	Medietilsynet	21.3.12
6.	Brev til ny barneminister	BLD	Mars 12
7.	Aldersgrense og klagerett på kino	Kulturdepartementet	30.3.12
8.	Oppfølging av barn i politiarrest	Politidirektoratet	26.1.12
9.	Politiets registreringsystem og -rutiner i saker som handler om barn	JD	14.5.12
10.	Helsestasjoner og fødeavdelinger som arenaer for forebygging av vold	HOD	23.5.12
11.	Minstestandard for besøksrom i fengsel	JD	22.5.12
12.	Familiebasert nyfødtsomsorg og barns rett til nærvær av to foreldre	Arbeids-, og velferdsdir, HOD	3.7.12
13.	Barn og barnefamilier med begrensede tillatelser etter utlendingsloven § 38 femte ledd	JD/BLD	28.9.12
14.	Oppfølging og tilrettelegging for barnepasienter på Oslo Universitetssykehus (OUS)	OUS	25.10.12
15.	Samisk innhold i skolen	Utdanningsdirektoratet	6.7.12
16.	Pågrepelse og fengsling av barn - vurdering av hensynet til barnets beste	Politiets utlendingsenhet	22.10.12
17.	Barnets beste og tilknytning til riket (AC)	JD	12.3.12
18.	Privatskoletilsyn for 2013 –innspill til tilsyn	Utdanningsdirektoratet	3.10.12
19.	Forskningsprosjekt om sykkelig fedme hos barn	Sykehuset Vestfold	02.08.12
20.	Prioritering av tema for tilsyn med barnevern	Helsetilsynet	20.9.12
21.	Spørsmål om innføring av vaksine mot rotavirusinfeksjon i barnevaksinasjonsprogrammet	HOD/ Rådet for kvalitet og prioriteringer i helse- og omsorgstjenestene	22.8.12
22.	Barn i fengsel og ikrafttredelse av lovendringer om barn og straff	JD	10.12.12

k. Tal på påbegynte og gjennomførte prosjekt

Prosjekt «Klart språk hos Barneombodet»

Prosjektet «Klart språk hos Barneombodet» blei starta i 2011 og ferdigstilt hausten 2012. Prosjektet fekk støtte av Difi, og omfatta intern opplæring i å bruke enklare språk, språkvask av tekstar og auka bevisstheit om korleis vi skriv i brev og høyringsvar. Prosjektet har ført til ei radikal endring i språkbruken hos Barneombodet, noko som er særst viktig for oss som også skal kommunisere med barn. På kvart kontor hjå Barneombodet heng det no ein plakat med våre eigne klarspråkreglar.

Prosjekt «Vær så god neste»

Prosjektet omfatta utarbeidinga av Reidar Hjermand sin avslutningsrapport «Status for barn sine rettar» og ein lanseringskonferanse på Høgskulen i Oslo/Akershus. Prosjektet blei starta i oktober 2011 og avslutta med lanseringa 6. mars 2012. Alle fagrådsgjevarane hos Barneombodet heldt innlegg på konferansen, og studentane var svært nøgde med opplegget.

Prosjekt «Barnas stemme stilner i stormen»

I mars 2012 publiserte vi rapporten i prosjektet «Barnas stemme stilner i stormen - en bedre prosess for barn som opplever samlivsbrudd». Rapporten inneheld ei rekkje anbefalingar om korleis ein kan sikre at barna sine stemmer kjem betre fram i samlivsbruddprosessar.

Prosjekt «Bekymringsmelding om krenkelser i skolen – Brudd på elevenes rett til et godt skolemiljø.»

Målet med dette prosjektet var å sjå nærare på korleis fylkesmennene på ein betre måte kan hjelpe til at elevar får eit forsvarleg skolemiljø. Ikkje minst er det eit mål å framheve behovet for at staten, ved Kunnskapsdepartementet, har ansvar for - og må setje i verk - nødvendige tiltak for å sikre elevane den retten dei har etter opplæringslova. Prosjektet var eit forprosjekt som har danna grunnlag for det vidare arbeidet med skulesaker hos Barneombodet. Prosjektet blei starta og avslutta våren 2012.

l. Innspel til offentlege utval

I 2012 ga Barneombodet innspel til den nye stortingsmeldinga mot vald i nære relasjonar. Barneombod Anne Lindboe laga også eit supplerande innspel basert på hennar erfaringar frå sitt arbeid som barnelege med valds- og overgrepssutsette barn på Ullevål Universitetssjukehus og på Barnehuset i Oslo, arbeidet som rettsmedisinar på Rettsmedisinsk Institutt ved OUS, og som rettsmedisinsk sakkyndig i rettssaker om vald og overgrep mot barn.

m. Førebuing til 2013

Hausten 2012 blei brukt til å leggje planar for dei neste seks åra med Anne Lindboe som barneombod. Vi heldt fire verksemdsdagar i november, der alle tilsette fekk mulegheit til å

komme med sine ynskjer for dei neste seks åra. Det var utarbeidd ein visjon for Barneombodet, og 24 langsiktige mål som skal styre arbeidet ved kontoret fram til 2018. I tillegg har vi brukt hausten og januar til å utarbeide prosjekta for 2013.

3. Faglege mål 2012

a. Arbeide for å verkeleggjere rettane i barnekonvensjonen i Noreg

Merknader frå FNs barnekomité

Barneombodet har i 2012 delteke på fleire møter i Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om oppfølging av merknadane frå FNs barnekomité. Barneombodet har deltatt på møter om psykososialt skolemiljø, barn si deltaking i samfunnet og førebyggjande psykisk helsearbeid i kommunane. Desse møta har vore fine sjansar til å fortelje om Barneombodet sitt synspunkt, og vi har levert notat med våre anbefalingar i møta.

Barneombodet er ikkje nøgd med at regjeringa ikkje vil skrive under og ratifisere tilleggsprotokoll til barnekonvensjonen om individuell klagerett til barnekomiteen. Vi har sendt brev til regjeringa om saka, og avventar den utgreiinga som er sett i gang. Vi håpar at den blir ferdig før sommaren.

Lovendringar for å sikre barn sine rettar

I 2012 har det komme fleire forslag til endringar i lovverket eller offentlege direktiv som Barneombodet har arbeidd for å få gjennom:

- Etter innspel frå Barneombodet forkasta Utdanningsdirektoratet etter høyringsfristen alle andre innspel og endra forslaget i forskrift paragraf 1-4a om elevrådsarbeid til også å omfatte retten til elevdemokrati og deltaking.
- Arbeidsdirektoratet laga etter påtrykk frå Barneombodet ein ny rettleiar for tolking av regelverket som gjer det tydelegare at også ME er ein sjukdom som gir rett til pleiepengar for foreldre som må passe ME-sjuka barn.
- Kunnskapsdepartementet sende i 2012 på høyring eit forslag om delt bevisbyrde i mobbesaker. Kunnskapsminister Kristin Halvorsen foreslår at kommunane må bevise at dei har sett inn nødvendige tiltak for å stanse mobbing og krenkingar av elevar dersom det blir søkt om erstatning. Dette har Barneombodet arbeidd for å få gjennom, og det er ei av tilrådingane våre i «Uromelding om krenkingar i skulen - Brot på elevane sin rett til eit godt skulemiljø.»
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet sende i 2012 på høyring både «NOU: 2012 Bedre beskyttelse av barns utvikling» og forslag til endringar i barnevernlova. I begge høyringane blir det lagt vekt på barnet sin rett til å bli høyrtd i barnevernet. Barneombodet har i mange år arbeidd for at barnevernet skal snakke

med barna i alle undersøkingssaker. Som hovudregel bør dette skje utan at foreldra er til stades. Tilsette i barnevernet må få kompetanse på dette området der det er nødvendig. Vi meiner vidare at barnevernet må få rutinar i kvalitetssikringssystema sine som sikrar at barnet blir høyrte. Vi er derfor nøgd med at barn sin rett til å bli høyrte er foreslått betra i begge høyringane.

b. Arbeide for at dei generelle prinsippa i barnekonvensjonen blir sikra i Noreg (ikkje-diskriminering, til det beste for barnet og respekt for barnet sine synspunkt)

Ikkje-diskriminering

Barn som tolk

Arbeidet på tolkefeltet har halde fram også i 2012. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet sette ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere korleis ein kan fremje eit lovforslag om forbod mot å bruke barn som tolk. Barneombodet heldt innlegg for arbeidsgruppa og argumenterte for eit forbod i forvaltningslova. Dessverre har vi ikkje høyrte nokon konklusjon frå denne arbeidsgruppa, og vi håper derfor at gruppa konkluderer så fort som mogleg i 2013.

Respekt for barnet sine synspunkt

Stemmerett for 16-åringar ved lokalval

Sidan 2007 har Barneombodet jobba intensivt for at det skal bli gjennomført forsøk med stemmerett for 16-åringar ved kommunevala . Forsøket med stemmerett for 16-åringar ved lokalval i 20 kommunar og Longyearbyen lokalstyre i 2011 viser foreløpig at forsøket har vært en suksess.

Dei gode valresultata har av enkelte blitt forklart med at dei er eit resultat av ein periodeeffekt. Vi forstår uroa, men samtidig er det er litt avgrensande å bruke ein slik forklaringsmodell. Det føreset at ein i eit ideelt val ikkje skal kunne gjere ein ekstra innsats for å informere unge veljarar. Unge veljarar, og spesielt dei under 18, bør og skal få ekstra informasjon, nettopp for å gjere dei best mogeleg i stand til å ta eigne val, slik det også går fram av Barnekonvensjonen og generell kommentar nr. 12. Vi vil med andre ord få ein periodeeffekt kvar gong det er val. Ungdom er spesielle veljarar som treng ein «kickstart» i demokrati som eldre og meir erfarne veljarar ikkje treng i like stor grad.

Vi meiner likevel at tala vi har sett så langt, tyder på at 16- og 17-åringane sine stemmer er ein positiv tilvokster til demokratiet.

Barneombodet ga i 2012 svar på ei høyring på Ungdommen si maktutgreiing, der vi foreslår ei rekkje tiltak for å betre barn rett til deltaking og påverknad i samfunnet. Ei av anbefalingane våre var å innføre stemmerett for 16-åringar ved lokalval som fast ordning.

Det skuffa oss at utvalet er delt i dette spørsmålet, og at dei ikkje konkluderar. Det gleder oss at AUFs landsmøte hausten 2012 vedtok å gå inn for stemmerett for 16 åringar ved lokalval. Vi håper at dette også vil bli vedtatt av AP og andre politiske parti.

Ungdommen si nasjonalforsamling

Barneombodet og BURO tok i 2010 saman initiativ til å arrangere eit forsøk med ei eiga nasjonalforsamling for ungdom. Den første Ungdommen si nasjonalforsamling blei halden på Stortinget i mai 2012. Vi er glade for at Stortinget har vald å innføre ein slik mulegheit for ungdom å komme til tals i Stortinget. Vi kjem til å følgje med på at ordninga fungerer etter intensjonen i åra framover.

Barn var med på å peike ut nytt barneombod

Barneombodet sende i slutten av 2010 eit brev til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om ein betre prosess for utnemninga av nytt barneombod. Vi meinte at barn skulle være med i prosessen med å intervju kandidatar. Dette tok departementet til følgje, og barneombod Anne Lindboe ble intervjuet av ti ungdommar da ho blei vald til stillinga. Barnombodet er svært nøgd med at departementet innførte denne ordninga.

c. Arbeide for at barn sine sivile rettar blir sikra i Noreg

Vern om privatlivet

Barneombodet leverte i 2010 ei høyringsfråsegn om endringar i lov om personopplysningar. Den gongen var vi blant anna urolege for at foreldre legg ut sensitiv informasjon om barna sine på nett i samband med samlivsbrot eller barnevernssaker. Utgangspunktet er at barn og vaksne har dei same rettane etter personopplysningslova. Men når det gjeld mindreårige, så er det den som har foreldreansvaret som opptre på vegner av barna. Dette førte til at personvernet til barn står veldig svakt i disse sakene. Barneombodet har sidan den gong fått mange førespurnader frå privatpersonar om barn sin rett til personvern, og vi ser at dette er eit viktig område der det er viktig å få på plass godt lovverk.

Lovforslaget blei behandla i Stortinget i 2012, og det ble vedtatt endringar i lova som sikrar barn betre mot at foreldre gjer denne typen informasjon offentleg. Stortinget opnar òg for å stramme inn ytterligare i framtida.

d. Arbeide for å sikre barn sine retter i familien og under alternativ omsorg

Barn sine rettar i familien

Barn i utlandet

Barneombodet skreiv i 2011 til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og orienterte om informasjon vi hadde fått om barn av norske foreldre som bur i Thailand. Departementet har tidlegare finansiert ei sosionomstilling ved Sjømannskyrkja i Torrevieja, Spania for å sikre at norske barn som er fast busett der får hjelp. BLD gav 700.000 kroner i

2012 til Sjømannskyrkja for å kartleggje omsorgssvikt blant norske barn i Thailand. Barneombodet er nøgd med at departementet og tenkjer på norske barn som ikkje kan nåast av det norske barnevernet.

Innspel til stortingsmeldinga mot vald i nære relasjonar

Barneombodet ga i 2011 innspel til ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Handlingsplanen viste seg på lanseringa å være eittårig, i påvente av ei stortingsmelding mot vald i nære relasjonar som skulle komme i 2013. Årsaka til dette var at ein ynskte brei politisk semje om tiltaka. I ettertid fikk vi informasjon om at stortingsmeldinga ikkje skulle komme med tiltak som handla om barn generelt, berre som vitne til vald og i straffesakskjeda. I staden for skal det komme ein eigen strategiplan om vald mot barn. Den er venta å komme før sommaren 2013. Barneombodet synest det er positivt at det kjem ein eigen strategi for barn, så lenge den blir ambisiøs og bindande.

Kompetanse på vald og overgrep i helseføretaka

Barneombod Anne Lindboe har brukt mye tid hausten 2012 på å få helsepolitikarar til å forstå at vald og overgrep mot barn også er deira ansvar. Også sjukehuspersonell er viktige for å ivareta barn. Vi har anbefalt at barneavdelingane bør få ansvar for å etablere tverrfaglege team for utregreining av barnemishandling ved alle sjukehus, og at det bør vere ein fagperson som har eit spesielt ansvar for å ivareta denne problematikken ved alle avdelingar som gjer utgreiningar om barn og behandlar barn. Helseministeren har, etter møte med oss, lagt eit styringsparameter inn i oppdragsbrevet til helseføretaka om at det må vere tilstrekkelig kompetanse i helseføretaka og gode rutinar for å ivareta barn som kan ha vært utsette for seksuelle overgrep og anna mishandling.

Barn og samlivsbrot

I mars 2012 publiserte vi rapporten i prosjektet «Barnas stemme stilner i stormen - en bedre prosess for barn som opplever samlivsbrudd». Rapporten inneheld ei rekkje anbefalingar om korleis ein kan sikre at barna sine stemmer kjem betre fram i samlivsbrotprosessar.

Nokre av anbefalingane i rapporten er

- økte ressursar til familievernet
- betre kvalitetssikring av sakkyndige i barnelovssaker
- kompetanseheving i å snakke med barn om vanskelige ting i hele kjeda, frå familievernet til domstolen

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har arbeidd med den same problemstillinga gjennom året, og vi er glade for at departementet set fokus på barn som opplever samlivsbrot. Barneombodet har arbeidd aktivt hele 2012 for å spreie anbefalingane i rapporten, og har fått gode tilbakemeldingar både frå familievernet og domstolsadministrasjonen. Rapporten har blitt eit viktig grunnlagsdokument for debatt om samlivsbrot.

Barn under alternativ omsorg

I 2012 utarbeidde Statens helsetilsyn ein rettleiar om korleis fylkesmennene bør snakke med barn når dei er på tilsynsgjesting på barnevernsinstitusjonar. Rettleiaren viser både til råd frå Barneombodet si ekspertgruppe frå 2010 om å bu på barnevernsinstitusjon, og til rapporten «Makteslaust tilsyn» frå Barneombodet 2010. Barneombodet har fått god kommunikasjon med Statens Helsetilsyn, og får no høve til å kome med innspel til tema for tilsyn. I 2012 gav vi eit fyldig forslag til tema og område for tilsyn.

e. Arbeide for betre helse for barn og unge

Barn på sjukehus

I 2011 avslutta Barneombodet ekspertgruppa med barn på sjukehus, og publiserte rapporten med ti bod til helsepersonell frå ekspertane. Helsedirektoratet publiserte sjukehusekspert rapporten og dei ti boda på helsenorge.no. Dei ønskjer også å få ekspertane sine råd om korleis ei barneavdeling bør utformast i framtida. Vi synest det er gledeleg at Helsedirektoratet tek barn sine råd på alvor, og forstår kor viktig det er at barn får lov til å medverke.

Tannhelse

2012 var året då vi avslutta arbeidet vårt med tannhelse. Barneombodet har gjort ein innsats over fleire år for å tydeleggjere tannhelsepersonell sitt ansvar for å oppdage teikn på vald og overgrep eller omsorgssvikt hos barn, og å melde dette vidare til barneverntenesta.

Egelantyne Jebb-prisen blir delt kvart år ut av Redd Barna. I 2012 gjekk den til tannlege Anne Rønneberg, som har jobba hardt for å få tannhelsetenesta til å forstå kva ansvar dei har for å avdekkje og vidareformidle vald mot barn. I takketalen sin trekte ho særskilt fram Barneombodet for å har hjelpt henne med å opne dører og få fortgang i arbeidet. Det er no ein prosess i gong med å få til samarbeidsavtalar mellom det kommunale barnevernet og den offentlege tannhelsetenesta i fleire fylke i landet.

Handtering av barn som har vore utsett for katastrofe

Arbeidet med ekspertgruppa med overlevande frå Utøya tok mykje tid i 2012, og rapporten fekk mykje merksemd. Rapporten blei blant anna sendt til alle Helseregionane. Helse Sør Øst sende rapporten vidare til alle helseføretaka sine/sjukehus, med melding om at dei bør spreie den vidare. Helse Sør Øst meinte at ungdomane sine erfaringar var eit viktig bidrag i brukarperspektivet til Helse Sør Øst.

Familiebasert nyføddomsorg og barn sin rett til nærvær av to foreldre

Barneombodet var i 2012 på gjesting på nyføddintensivavdelinga på Vestre Viken HF. Her blir såkalla nytta familiebasert nyføddomsorg. Familiebasert omsorg og miljø betyr at foreldra skal vere nær barnet sitt heile tida, kuvøse skal nyttast i minst mogleg grad, og medisinsk behandling skal skje på mor eller far sitt bryst.

Etter dette vende Barneombodet seg til Helse-, og omsorgsdepartementet og ba departementet om å jobbe for at alle nyfødde intensivseksjonar blir bygde etter prinsippa om ei familiebasert omsorg, med einerom for foreldre og barn. Barneombodet hadde to ønskje:

- a) Barneombodet meiner at alle nyføddintensivseksjonar må byggjast etter prinsippa om familiebasert omsorg.
- b) Barneombodet meiner at vilkåra for løyving av pleiepengar må endrast slik at begge foreldra kan ta vere tilstades når eit barn er for tidleg født, eller av andre årsaker innlagt på ein nyføddintensivseksjon.

Barneombodet har enno ikkje fått svar på spørsmålet sitt.

Oppfølging og tilrettelegging for barnepasientar på Oslo Universitetssykehus (OUS)

Barneombodet blei frå fleire hald orientert om at det tidvis har vore mykje misnøye og uro knytt til ivaretakinga av barnepasientane i samband med samanslåinga av sjukehusa i Oslo og omorganiseringa av tenestene. Misnøye og uro har blitt uttrykt i ulike medium og ved førespurnader til kontoret vårt. Den har kome både frå tilsette og pårørande.

Barneombodet vende seg derfor til Oslo Universitetssykehus for å sikre at sjukehuset tok i vare barn på ein god måte i dei pågåande prosessane. Vi var blant anna urolege for at barn ikkje fekk liggje på barneavdeling, og at det ikkje var nokon plan for korleis barn skulle ivaretakast i prosessen.

Barneombodet har fått svar frå Oslo universitetssjukehus på uroa for barnepasientane ved sjukehuset. I brevet svarer dei på spørsmåla vi stilte om tilrettelegging og oppfølging av barnepasientane. Leiinga skriv at sjukehuset planlegg ei omfattande samling av barneverksemnda på Rikshospitalet når eit planlagt nybygg står ferdig.

Barneombodet er glad for at leiinga planlegg at 16-årsgrensa for å bli lagt inn på barneavdelinga skal bli endra til 18 år seinast ved årsskiftet 2013-14. Det er også bra at leiinga har gitt ei klar bestilling om at alle fagområde må sikre skriftlege og gode rutinar for overføring til vaksenorienterte helsetenester ved OUS. Vi er fornøgde med at det planlagde nybygget på OUS vil leggje prinsippa om eit barnesenter til grunn.

Fleire forhold er derimot uklare når det gjeld tidsperspektiv og konkrete planar. Det vil vi følgje opp i 2013.

Arbeid rundt rituell omskjering av guttebarn

I 2011 ga Barneombodet eit høyringssvar til forslaget frå Helse- og omsorgsdepartementet om å lovregulere rituell omskjering av guttebarn, slik at den skal gjennomførast på sjukehus. Barneombodet kritiserte departementet for ikkje å ha problematisert praksisen i lys av prinsippa i barnekonvensjonen. Barneombodet konkluderte i høyringsfråsegna si med at det

bør innførast ei nedre aldersgrense for rituell omskjering av gutebarn. Vårt standpunkt fekk mange reaksjonar og skapte stor debatt.

Debatten blussa opp igjen sommaren 2012, då Anne Lindboe hadde blitt barneombod. Anne Lindboe, som sjølv har erfaring med praksisen frå helsestellet, opprettheldt og tydeleggjorde Barneombodet sitt standpunkt. I skrivande stund har departementet enno ikkje bestemt korleis dei vil dra prosessen vidare. I mellomtida har debatten fått internasjonal merksemd, og det er no utarbeidd ein rapport frå The International NGO Council on Violence against Children som reknar praksisen for å bli omfatta av barnekonvensjonen sin artikkel 24 nr. 3, og er ein praksis som staten må arbeide aktivt for å fjerne.

f. Arbeide for betre tilgang til utdanning, fritid og kulturelle aktivitetar

Betre fritidstilbod for barn

Fotball

Barneombodet blei i 2012 kontakta av nokre einslege mindreårige asylsøkjjarar som ynskte å spele fotball, men som blei nekta å spille kampar fordi dei ikkje hadde fast opphaldsløyve. Barneombodet reagerte, og kontakta både Noregs fotballforbund og Kulturdepartementet. Noregs fotballforbund bestemte seg då for å praktisere retningslinjene på en annen måte. Det blir no gitt dispensasjon i dei tilfella der einslege mindreårige asylsøkjjarar ikkje har lovleg opphald, men ønskjer å spele fotball.

Rett til kunst og kultur

Våren 2011 leverte Barneombodet eit innspel om barn og unge sin tett til kunst og kultur, til Kulturutgreiinga 2014. Dette innspelet blei også sendt til Kulturdepartementet. Innspelet tok for seg det tilbodet barn og unge har rett til å få som tilskodar, ut i frå artikkel 31 i Barnekonvensjonen.

I 2012 har vi framleis arbeidd med å sjå på tilstanden for det tilbodet barn og unge får som deltakar og utøvarar sjølv med utgangspunkt i same artikkel.

I mai 2012 inviterte vi Norsk kulturskuleråd, Den Kulturelle skulesekken (DK), Nasjonalt senter for kunst og kultur i utdanninga, Fellesrådet for kunstfaga i skulen (FKS), Landsforeininga for Fritidsklubb og Ungdomshus (Ung & fri), Ungdommens Kulturmønstring (UKM) og Norsk Kulturforum til eit stormøte. Målet med møtet var å få ei oversikt over utfordringar dei ser som forvaltarar av ei plattform der barn og unge kan vere utøvarar sjølv. Vi såg at mange av dei same stikkorden gjaldt her som for valtarar av kunst og kultur der barn er tilskodarar: haldningar, status, økonomi og kor synleg kunsten er.

Arbeidet har ført til at vi har deltatt på ulike konferansar og lanseringar, som f.eks. lansering av Anne Bamfords forskingsresultat «*Arts and cultural education in Norway*» leiarsamling for kulturskoleleiarar på Norsk Musikkhøgskole, Fagmøte for DK sine «Farlig kunst» med meir. Dessutan har vi halde innlegg om retten til kunst og kultur i fleire fora, slik som UKM sin landskonferanse i Trondheim, årssamlinga for DK SIN, UKM og Norsk kulturskuleråd i Larvik, årskonferansen til Norsk Kulturråd, Fellesrådet for kunstfaga i skulen sine 20 års jubileum og årsmøtet for Ung & Fri i Haugesund.

Vi ser at det jamt over er blitt eit større medvit rundt at barn og unge har rett til eit tilbod på fritid, kunst og kultur både som utøvarar og som deltakarar, og at barn og unge si eiga stemme er viktig. Vi har hatt fokus på kommunen sitt ansvar for å vareta artikkel 31 overfor alle under 18 år og oppfordra til å bruke den kompetansen som ligg hos brukarane, nemleg barn og unge sjølv.

Aldersgrenser på film

Etter § 6 i lova om film og videogram kan Barneombodet klage på dei aldersgrensevedtaka Medietilsynet har sett for film som skal opp på kino, og der vedtaket har verknad for barn. Aldersgrensa på filmen «Hunger Games» aktualiserte to viktige diskusjonar hos Barneombodet som vi ønskte at Kulturdepartementet skal gå inn i:

1. Filmfar laga ut i frå ei 13 års aldersgrense på den amerikanske marknaden skapar problem i Noreg, der nærmaste aldersgrense anten er 11 år eller 15 år. Bør vi få innført ei 13 års aldersgrense i Noreg?
2. Barneombodet ønskjer at Kulturdepartementet skal tydeleggjere rolla vår som klageinstans ut i frå film og videogramlova.

Vi sendte derfor eit brev til Kulturdepartementet om dette. Vi har enno ikkje fått noko svar frå departementet.

g. Arbeide for at barn får spesielle forsvarstiltak

Utlendingsfeltet

Avgrensa løyve

Barneombodet skreiv i september 2012 til JD og BLD med ei uro for auka bruk av avgrensa løyve til barnefamiljar. dei avgrensa løyva gjer at familjar ikkje blir busette, men blir buande i mottak i mange år. I februar 2013 bestemde styresmaktene seg for at avgrensa løyve skal gi auka høve til busetjing. Dette synest vi er gledeleg for dei barna som no kan få eit relativt normalt liv i kommunar i staden for å vekse opp i mottak.

Barn på flukt

Barneombodet deltok på fleire dialogmøte med departementet i framkant av Stortingsmeldinga. I tillegg var vi på sjølv høyringa i Stortinget og argumenterte for at

asylsøkjande barn skal ha rett til vidaregåande opplæring og rett til barnehage for barn i mottak.

Dette arbeidet fortset i 2013.

Migrerende barn og fridomsstap

Barneombodet har gjennom året fått informasjon som gir grunn til å vere uroleg for fengsling av barn etter utlendingslova. Det er blant annan svært lite tilgjengeleg statistikk over mengda fengsla barn og tida dei sit fengsla. Heilt konkret har vi i 2012 retta eit spørsmål til Politiet si utlendingseining (PU) om dette temaet, og vi har også vore i kontakt med Hordaland politidistrikt. Informasjon vi har innhenta i 2012 og vil fortsetje å innhente i 2013, skal gi oss ei betre oversikt over eventuelle problem på dette området og omfanget av dei. I 2013 planlegg vi å konkludere dette arbeidet ved å rette ei fråsegn til relevante styresmakter.

Foredrag for UDI og UNE

Barneombodet har gjennom 2012 heldt fram med den fruktbare dialogen med Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utlendingsnemnda (UNE). Vi har halde foredrag ved fleire interne seminar og hatt møte med leiinga i UNE. Sentrale tema har vore konsekvensane utvising av foreldre har for barn, vurderinga av barnet sitt beste og høyring av barn.

Barn i konflikt med lova

Barneombodet har hatt fleire møter med Vårt hovudmål er at Justisdepartementet må sikre best mogelege forhold for barn i arrest og barn i fengsel. Samtidig må styresmaktene arbeide for å finne alternativ til bruk av fengsel for barn.

Som eit resultat av dialogen vår, har Justisdepartementet har bedt Politidirektoratet i oppdragsbrevet for 2012 om å utarbeide rutinar for behandling av barn i arrest. Dette er svært utførlege, og viser til Barneombodet sitt synspunkt. Vi er glade for at departementet tek denne uroa og pliktene vi har etter barnekonvensjonen på alvor.

Barneombodet har lenge argumentert for at barn skal få eigne eigna soningseiningar for barn. Vi er fornøgde med at det no er løyvt midlar til å setje i gong etablering av ei slik eining i tilknytning til Bjørgvin fengsel. Vi er framleis misfornøgde med at prosessen med etablering av eigne soningseiningar for barn i Oslo ikkje har kome i gong.

Menneskehandel

Barneombodet har i 2012 arbeidd for å synleggjere verdien av tverrfagleg samarbeid for barn som er utsett for menneskehandel. Vi deltok mellom anna på ei høyring i Stortinget om barn utsett for menneskehandel. Komiteen viste til Barneombodet då dei kom med innstillinga si.

h. Arbeide for å vidareutvikle og styrke det internasjonale engasjementet hos Barneombodet

Barneombodet tok i 2012 imot desse offisielle delegasjonane frå utlandet:

- Ombodsmannen i Burundi
- Juvenile and Family Court of Phuket, Thailand
- Chancellor of Justice, Estland
- Børnetalsmanden på Grønland
- National Human Rights Commissioner, Nepal
- Juvenile Justice Reform, Serbia
- Parlamentsmedlemmer frå Tyskland
- Inter-Country Adoption Board, Filippinene
- Folketingets Ombudsmand, Danmark

Anne Lindboe og nestleiar Knut Haanes på kontoret deltok på det årlege møtet for *European Network of Ombudspersons for Children* på Kypros i september, og Anne Lindboe deltok saman med Reidar Hjermann på det nordiske barneombodsmøtet på Island i mai.

Betty Williams, som fekk Nobels fredspris i 1976, har stifta ein pris til personar eller organisasjonar som jobbar for barn sine rettar. Barneombodet var dei fyrste til å ta imot denne prisen i 2012, for det internasjonale arbeidet vi har gjort for å sikre barn sine rettar.

i. Arbeide for at elevane får sikra retten til et godt psykososialt skolemiljø

Fellestrekk ved saker som gjeld spørsmål om elevane sitt psykososiale skulemiljø

Barneombodet fekk i 2012 midlar for å styrkje arbeidet med psykososialt skulemiljø. Vi tilsette to fagrådgivarar og ein sekretær deltid for desse midlane. I tillegg hadde vi allereie ein jurist som arbeider med skulesaker. Skulemiljø står derfor høgt på arbeidslista til Barneombudet, og vi ser allereie resultat av denne styrkinga av personalet. Skulerådgivarane arbeidde hardt fram til sommaren med å samle inn informasjon til rapporten «Uromelding om krenkingar i skulen - brot på elevane sin rett til eit godt skulemiljø.»

Rapporten er ei oppsummering og vurdering basert på informasjon vi har fått frå elevar, foreldre, skular, fylkesmenn og Utdanningsdirektoratet. Vi har hatt to møter med Utdanningsdirektoratet, besøkt tre fylkesmannsembete, gjennomført skulebesøk og møter med skuleleiing, elevråd og klassar i fire fylke, og vi har hospitert ved gjennomføring av tilsyn. Vidare har vi gjennomgått tilsynsrapportar og klagesaker, og vi har hatt ekspertmøte med grupper av elevar, samt hatt samtalar med enkeltelevar og deira føresette. Vi har i tillegg bedt om informasjon frå Fylkesmennene i austlandsområdet om praksisen deira med hendingsbaserte tilsyn.

Rapporten inneheld mange tilrådingar om forbetringar i tilsynssystemet for å sikre retten til eit godt skulemiljø. Blant desse er:

- vidare mandat for fylkesmennene med moglegheit for reaksjonar mot kommunar som bryt lova
- auka medverknad for barn i tilsyn og klagebehandling
- auka bruk av hendingsbaserte tilsyn
- betre informasjon i skulen om elevane sine rettar etter kapittel 9a i opplæringslova og innføring av rapporteringsplikt på arbeidet til fylkesmennene.
- tilsynet til fylkesmennene må utvidast til å bli kvalitetstilsyn, ikkje berre lovlegheitstilsyn

Barneombodet har brukt hausten til å tydeleggjere desse tilrådingane overfor fylkesmenn, Kunnskapsdepartement og Utdanningsdirektoratet. Vi har fått ein god dialog, og fått høve til å arbeide tett med desse relevante instansane framover for å forbetre systemet.

Brev til alle rektorar

I august 2012 inviterte Barneombodet til ein idédugnad med medlemmer av ungdomspanelet og nokre rektorar. Tema for idédugnaden var ein bodskap og ei hjelp til skulane ved skulestart i august 2012.

Resultatet av arbeidet blei eit brev frå barneombodet med to vedlegg. Det eine vedlegget var ei sjekklister for skulen om det psykososiale miljøet (kap. 9a i Opplæringsloven). Sjekklister gir konkrete råd til rektorar for å sikre at arbeidet med læringsmiljøet i skulen blir sett i fremste rekkje.

Den andre sjekklister hadde medverknad som tema. Konkrete tips og råd blei gitt til rektor om viktige grep som burde takast for å sikre reell medverknad i skulen sitt arbeid med læringsmiljøet. Både brevet og sjekklister var ei positiv oppfordring til rektorar og meint som eksempel på viktige tiltak for å vidareutvikle læringsmiljøet i skulen.

Brevet og sjekklister fekk god pressedekning. I tillegg fekk Barneombodet ei rekkje tilbakemeldingar frå rektorar rundt i landet, som takka for bidraget. Fleire sa at sjekklister kunne takast i bruk i arbeidet deira med ein gong, at dei opplevde dette som konkret hjelp og stønad og at det verken var behov for tilpassing eller revidering av listene.

Nokre andre, konkrete resultat av arbeidet vårt

Trondheimsskulane har gjennom eit komande bystyrevedtak blir pålagt å leggje ut malen for klage som vi har utarbeidd, på heimesidene til kvar skule. Fleire skular har uttrykt at dette er ein god måte å hjelpe skulane med å få desse vanskelege sakene inn i ein saksbehandlingsmodus som er positiv for alle - og bidreg til at saker blir tatt tak i raskare.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har bestemt seg for eit eigeninitiert/hendingsbasert tilsyn med Ørland ungdomsskule og Ørland kommune etter oppmoding frå Barneombudet. Sakene dei skal sjå på er desse:

- a) Avgrensing av yringsfridomen til elevane.
- b) Praksisen til skulen i samband med spesialundervisning.
- c) Mangelfull undervisning av faglærte vaksne på ungdomstrinnet i faget engelsk.

Fylkesmannen i Buskerud har bestemt at det skal først eit eigeninitiert tilsyn med Mjøndalen skule etter oppmoding frå Barneombudet. Bakgrunnen er ei retts sak i Nedre Eiker, der eit barn hadde blitt utsett for unødig tvangsbruk og foreldre melde inn læraren. I møte med Fylkesmannen har Barneombudet uttrykt uro for praksisen til skulen når det gjeld bruk av tvang og makt, og for kompetansen deira om elevar med utfordrande åtferd.

Oppsummering som viser korleis sakene som gjeld elevane sitt miljø blir følgde opp av Barneombudet

Barneombudet mottok 139 saker om skulemiljø i 2012. Dei fleste sakene viser vi til riktig klageinstans, jf § 4 i instruksen vår. Vi gir i tillegg ei fylldig utgreiing av lovverket og klagesystemet for å hjelpe foreldre til å få barna sine rettar oppfylte. På nettsidene våre har vi lagt ut ein mal for utforming av klage, ettersom mange foreldre ikkje veit korleis ein skal skrive ei klage. Ein del saker kjem også inn på telefon, og vi rettleier då på same måte.

Etter lova § 3 og instruksen § 7 kan vi ta saker opp til behandling og komme med ei utsegn. I 2012 har vi teke ein del saker opp til behandling, ved at vi har bedt om innsyn i alle dokumenta i saka og gått gjennom saksgangen. Oppsummeringa frå desse sakene er samla i «Uromeldinga».

Barneombudet har ved ei rekkje høve blitt omtalt som mobbeombod etter at vi mottok midlar frå Kunnskapsdepartementet. I Sverige har ein eit eige ombod som behandlar saker om mobbing, og har høve til å bøteleggje skulane dersom dei ikkje handlar etter lova. Barneombudet i Noreg har ikkje tilsvarende mandat, og kan ikkje overprøve vedtak fatta av andre styresmakter, jf instruksen § 1. Vi går derfor ikkje inn i enkeltsaker for å uttale oss i den enskilde saka, men for å bruke sakene til å gje generelle utsegner om utilfredsstillande rettstilstandar, uheldig praksis og behov for endringar.

Skuleskyss

Ein lang kamp er endeleg over. Samferdselsdepartementet vil vedta og innføre ei forskrift som pålegg kommunar og fylkeskommunar å sørge for at alle skuleelevar med rett til skuleskyss har tilgang på sitjeplass med setebelte på skulebussen. Forskrifta skal vedtakast innan 1. januar 2013 og gjelde frå skulestart hausten 2013. Då ser Barneombudet på det lange arbeid med skuleskyss som over.

4. Rapportering rekneskap, personalforvaltning med meir

a. Rekneskap 2012

Regneskap	2009	2010	2011	2012
Lønns- og personalkostnader	7 118 000	9 026 000	9 105 000	10 759 000
Maskiner, inventar, utstyr	123 000	465 000	132 000	785 000
Forbruksmateriell	358 000	447 000	267 000	1 213 000
Reiser, representasjon	761 000	756 000	523 000	938 000
Kontortenester	1 141 000	1 323 000	1 317 000	1 071 000
Informasjon	309 000	522 000	671 000	534 000
Bygningsdrift/lokalleige	1 412 000	1 515 000	1 539 000	1 671 000
Sum	11 223 000	14 054 000	13 554 000	16 971 000

b. Anna rapportering

Sosiale krav i samband med offentlege innkjøp

I samband med aktuelle innkjøp har Barneombodet følgd regelverket om offentlege innkjøp. Ved tilbod på reinhald av nye kontorlokale var miljøvelvilje/etikk, internkontroll og avfallshandtering eitt av fire kriterium som blei lagde til grunn før inngåing av avtale.

Til oppvarming av kontorlokala nyttar vi elektrisk kraft med opphavsgaranti. Det inneber at energien blir produsert frå energikjelder som er 100% fornybar, og som ikkje forureinar, verken i form av CO2 utslepp eller kjernefysisk avfall. Det er ingen sørvarar i lokalet som treng kjøling. Alt lys blir sløkt automatisk på kvelds- og nattetid.

Barneombodet disponerer ingen bilar, men vi har 3 sykklar som kan nyttast ved reiser til møte innan rimeleg avstand. Vi har ikkje parkeringsplassar for tilsette eller gjester. Kontorlokala er lagde nær kollektivknutepunkt.

Flyreiserekneskapen for 2012 viser 36 reiser på totalt 52 000 kilometer mot 33 reiser og 63 000 kilometer året før.

Kontoret returnerer tonarkassetar for resirkulering og kjeldesorterar i samsvar med gardeigaren si sortering av papp og papir. Utrangerte PC-ar blir gjenbrukt via Intility.

Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv

Aktivitetane i IA-avtalen for delmål 2 skildrar bl.a. at avdekking av eventuelle tilretteleggingsbehov skal skje gjennom stadig dialog og i medarbeidarsamtalar. Ingen spesielle behov er avdekt i 2012.

Barneombodet oppmodar personar med nedsett funksjonsevne om å søkje i alle stillingsannonsane våre. Stillingane blir kunngjorde via NAV. Ingen søknader frå kvalifiserte personar med nedsett funksjonsevne blei mottekne siste år.

Kontoret stiller seg positivt til spørsmål frå NAV om å tilby praksisplassar og vi tilbød ein person praksisplass i 2012. Men vedkomande trekte seg rett før oppstart på grunn av eit anna tilbod.

Auke i talet på lærlingar i staten

Barneombodet vurderte i 2012 å opne opp for lærlingar, men fann det ikkje formålstenleg. Vi har derimot teke i mot praksisstudentar frå universitet og høgskular. Dette gir studentane arbeidserfaring og ein verdifull referanse å ta med seg vidare, samtidig som dei bidrar positivt til å løyse oppgåvene på kontoret.

Vidarebruk av offentlege data

I samsvar med regelverket skal Barneombodet gjere eigna og gjeldande uhandsama data tilgjengelege i maskinleselege format. Dette gjeld informasjon som har verdi for samfunnet, som kan vidarebrukast, som ikkje er underlagt teieplikta, og der kostnadene ved tilgjengeleggjering er små. Barneombodet driv i svært liten grad innsamling av denne typen data. Dei data vi i fall samlar inn i samband med pågåande prosjekt blir publisert i rapportar som er gratis tilgjengelege for ålmenta.

Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar

Barneombodet flytte inn i nye lokale i slutten av 2011. Arbeidet med å skaffe nye lokale varte det meste av 2011 og det blei i juni 2011 teikna kontrakt for 10 år.

I løpet av 2012 var det derfor verken høve eller behov for å vurdere alternativ lokalisering.